

Norges vassdrag- og energidirektorat
v/Malin Solheim Olsen

Dato: 07.08.24
Sted: Dale i Sunnfjord
Vår ref:
Deres ref:

Hundsåna kraftverk - Kommentarer til høyringsuttalar

Konsesjonssøknad for Hundsåna kraftverk var på høyring frå 01.03.24 til 19.04.24 med utsett høyringsfrist til 3. og 9. mai for to av høyringspartane. Det kom inn 4 høyringsuttalar frå offentlege instansar. Kun tilrådingar, vurderingar, oppsummeringar og annan relevant info frå uttalane er teke inn i dokumentet.

Askvoll kommune

Tilråding

Dei er positive til utbygginga, men meiner det ikkje må gjevast konsesjon før det er avklart at kraftverket ikkje kjem i konflikt med den planlagde vegtunellen på FV609 dersom det viser seg at vegtraséen må justerast på grunn av resultatet av nye grunnundersøkingar.

Vurdering

Tilhøve til arealplan

I arealdelen av kommuneplanen, vedteken 2015, er det aktuelle området for kraftverksanlegget avsett til landbruks-, natur- og friluftsføremål (LNF) med omsynssone for bandlegging etter anna lovverk (område der det er søkt om konsesjon etter vassressurslova). Tiltaket er såleis ikkje i samsvar med arealdelen, og det må søkjast om dispensasjon.

Deponi

I 2022 vedtok Askvoll og Sunnfjord kommunar detaljregulering for FV609 Heilevang. Denne omfattar omlegging av fylkesvegen mellom Hestvika og Heilevang til tunell, fordi strekninga er svært rasutsett. Den eksisterande fylkesvegen på strekninga skal leggjast ned, og vegen og alle tekniske installasjonar skal fjernast. Detaljreguleringa omfattar ma. to massedeponi i Hestvika, på kvar si side av fylkesvegen, og eitt deponi i Rørvika, der massane frå vegtunellen skal plasserast.

I søknaden går det fram at massane frå boring av vasstunellen skal deponerast i dei regulerte deponia i Hestvika. Matjorda skal skavast av og tilbakeførast etter at overskotsmassane frå tunellprosjekta er deponert og arrondert. Det er visse utfordringar med dette, som må avklarast. I reguleringsplanen er det stilt krav til maks kotehøgder på deponia, og at dei skal utformast i samsvar med landskapsplanen (vedlegg 1 i reguleringsplanen). Før deponering og/eller bakkeplanering kan igangsettast, skal det gjennomførast geoteknisk utgreiing som dokumenterer tilstrekkeleg områdestabilitet for tiltaket. Utgreiing skal gjennomførast av fagkyndige. Det kan heller ikkje takast ut massar etter at veganlegget er ferdigstilt, utan at det er utført geotekniske vurderingar som

dokumenterer tilstrekkeleg områdestabilitet. Det er krav til etablering av naudsynte tiltak for å samle og reinse avrenningsvatn før utslepp til resipient (ma. avskjerande drenering/reinsedam). Ein må hindre avrenning til elva/Sagevatnet, både av omsyn til naturmangfald og drikkevatn. For deponiet på sørsida av fylkesvegen skal ma. alt vatn frå anleggsområde, veg og tunnel leiast utanom elva og Sagevatnet. Det er såleis ikkje beint fram å deponere massane frå kraftverksutbygginga i Hestvika. Det krev ein del avklaringar og samkøyring med fylkeskommunen/entreprenør for vegtunellen. Alternativt må det påreknast ein del utgreiingar og dispensasjon frå reguleringsplanen/planendring i ettertid av vegtunellutbygginga.

Deponiområda i Hestvika er i utgangspunktet fulle med dei planlagte massane frå vegtunellen. Dersom vegtunellen må forlengast (sjå nedanfor) vert det ikkje tilstrekkeleg med dei deponia som ligg i reguleringsplanen, og det må etablerast enda eitt deponi på austsida av tunellen.

Grunntilhøve og skredfare

I søknaden går det fram at boretunellen går i trygg avstand frå den komande vegtunellen. Anbudskonkurransen om bygging av vegtunnelen forbi området vart nyleg avlyst, då det kom fram opplysningar om at det er usikkerheit om stabiliteten i lausmassane ved vegtunnelpåhogget på Heilevang, og at det må gjerast fleire grunnundersøkingar. Det er ein risiko for at dei nye grunnundersøkingane viser at tunellpåhogget ikkje kan plasserast slik som det er planlagt i reguleringsplanen. I verste fall må vegtunellen forlengast austover, og det må lagast ny reguleringsplan. Mest truleg vil det ikkje vere nødvendig å justere traséen noko særleg der kraftstasjonen/boretunellen skal gå, men det er likevel viktig at det ikkje vert gjeve konsesjon til kraftverket før det er tilstrekkeleg avklart med fylkeskommunen at det ikkje vert nokon konflikt mellom kraftverkstunellen og ein eventuell justert vegtunell-trasé.

I skildring av tiltaket (kap. 2.2.5 og 2.2.6) skriv søkjar at «Det vil være et midlertidig arealbehov på cirka 2 dekar i forbindelse med anleggsarbeider, rigg og mellomlagring, inkludert tunnelboring, i det nedre prosjektområdet. Det permanente arealbehovet vil være cirka 0,5 dekar for avkjørsel, kraftstasjon med utløp, oppstilling- og parkeringsplasser.» og «Seismikkundersøkelsene indikerer at det er 2 til 15 meter med løsmasser i stasjon-/påhuggsområdet, men også med registreringer av fjell i dagen. Seismikkundersøkelsene bekrefter at det kan etableres et godt påhugg for retningsstyrt borehull nede ved kraftstasjonsområdet.» Samtidig skildrast kraftstasjonen som ein enkel stasjonsbygning som vil ligge i dagen like ved dagens fylkesveg.

Under skildring av verknader av tiltaket, om ras (kap. 3.4) kjem det derimot fram at det gjekk eit lausmasseskred i 2014 der stasjonsbygningen er planlagt, og at det vil bli planlagt og gjennomført både mellombelse og permanente sikringstiltak i samband med bygging og drift av kraftverket. Blant permanente sikringstiltak vil det bli vurdert å nytte overskotsmassar frå tunneldrivinga til å etablere ein permanent skredvoll ovanfor stasjonsbygningen. Det er ikkje skildra nærare kva slags skredsikringstiltak som skal nyttast, og korleis dei skal utformast.

Administrasjonen stiller spørsmål ved om det er realistisk at ein relativt beskjedne rasvoll er tilstrekkeleg til å sikre kraftstasjonen. I silingsrapport (vedlegg 10 til reguleringsplanen) er det vurdert ulike alternative vegliner for fv. 609 ved Heilevang. Det eine traséalternativet, line 10000, har tunellpåhogg like vest for plasseringa av kraftstasjonen. Linealternativet er forkasta, og i omtalen står det ma. følgjande:

«Linje 10 000 munnar ut like aust for det mest skredutsette området gjennom Heilevang. Ein er likevel på langt nær ute av eit skredutsett terreng, men etablering av ei forskjering her er særskild utfordrande. Dette

alternativet gjev kortast tunnel og difor lågast investeringskostnad i prosjektet. Det er naudsynt med skredsikringstiltak frå tunnelen og heilt fram til eksisterande bru på Heilevang. ... Dette veglinjealternativet vart forkasta etter optimaliseringsmøtet. Det er stor usikkerheit i høve om det er mogleg å gjennomføre skredsikringstiltak (særleg byggefasen). Alternativet vert vurdert som ikkje byggbart.»

«Geoteknikk:

Grunntilhøve, midlertidig (m): Ikkje tilrådeleg, usikkert om det er gjennomførbart. Særs bratt terreng, med stor mektigheit med lausmasse.

Grunntilhøve, permanent (p) : Utfordrande grunntilhøve langs fjorden. Vil kreve ekstra undersøkingar, også i sjø. Uvisse i etablering av terreng over portal.

Geologi:

Skredsikring, midlertidig (m): Anleggsområdet er skredutsett mot både steinsprang og jordskred. Det er usikkert om det er mogleg å sikra tilstrekkeleg pga. stor fart på jordskredmassar, restmassar frå jordskred og spretthøgde på steinsprang. For å redusere restrisikoen ytterlegare må ein forvente å ha skredvarsling med terskelverdi for nedbør.

Skredsikring, permanent (p): Varierende grad av skredfare austover frå tunnelportal og til bru ved Heilevang. Vanskeleg å sikra lengst vest. Betre austover. Må sikrast heile vegen.»

Administrasjonen meiner at det er uklårt om det faktisk let seg gjere å byggje stasjonsbygningen som tenkt. Det går heller ikkje tydeleg fram kva slags tiltak og inngrep som skal gjerast, og dermed går det heller ikkje an å vurdere konsekvensane i tilstrekkeleg grad. Det er forøvrig ikkje umogleg at det er same type ustabile massar på denne delen av strekninga, som det er ved vegtunellpåhøgget.

Konsekvensklassar

Tiltakshavar meiner at både dam og røyrgate bør klassifiserast i brotkonsekvensklasse 0, då konsekvensane vil vere avgrensa til kun materielle og beskjedne miljømessige skader; Brot på stålørret oppstrøms kraftstasjonen vil berre gje skader på sjølve kraftstasjonen og eventuelle personar som er til stades (noko som er lite sannsynleg, då stasjonen er ubemanna). Brotvassføringa vil drenere ut i Førdefjorden. Elles i søknaden er det gjort greie for argument og fakta både i tilfelle at fylkesvegen vert lagt i tunell, og at fylkesvegen framleis ligg i dagen når kraftverket vert bygd ut. Her ser det derimot ut til at det ikkje er gjort vurderingar av konsekvensar av brot dersom trafikken framleis går langs dagens fylkesveg. Det er mykje trafikk på strekninga, og det er vesentleg at det er gjort reelle vurderingar av tryggleiken.

Konsekvensar for landskap

Om konsekvensar for landskap (kap. 3.6) skriv tiltakshavar følgjande om kraftstasjonsområdet:

«Kraftstasjonen vil etableres i dagen, i form av en kraftstasjonsbygning på cirka 80 kvadratmeter, på Hellevangsløttene ved fjorden. I forbindelse med kraftstasjonen vil det etableres en parkering-/oppstillingsplass. Da vannveien etableres som boret sjakt og inntaksarrangementet ved Hestvikvatnet etableres veiløst, vil synlige terrenginngrep fra permanente anleggsdeler være små. Dette demper negative virkninger på landskapsopplevelsen. I anleggsfasen vil inngrepene være noe mer synlige med større anleggsplasser, men siden denne fasen bare er midlertidig, vurderes ikke dette negativt for landskapet. Midlertidige inngrepsområder vil bli sluttarrondert og revegetert.» Om samla vurdering (tabell kap. 3.15) står det at konsekvens for landskap vil vere liten negativ (-), vurdert av konsulent. Konsulenten, Rådgivende Biologer AS, har ikkje vurdert konsekvensar for landskap i sin rapport frå 2022. Konsulenten vurderte derimot konsekvensar for landskap i sin rapport frå 2014, men då var kraftstasjonsbygningen plassert inne i fjellet. Som nemnt over er det noko svakt grunnlag for å trekkje ein konklusjon om verknader på landskap, når det ikkje er klårt kva slags inngrep som skal gjerast i kraftstasjonsområdet.

Hestvikevatnet og mesteparten av vassdraget ligg på ei hylle høgt over fjorden. Berre fossen som veltar utfor kanten og ned mot fjorden er synleg frå fjorden og fylkesvegen. Hestvikevatnet ligg i eit ope område, medan elva nedstraums vatnet ligg i skog. Grunnen er mykje ur og blokkstein. Dei synlege inngrepa her vil vere relativt små, når utbygginga er ferdig.

Utbygginga vil føre til redusert vassføring i Hundsåna. Hundsånafossen ned mot sjøen er eit viktig landskapselement, og synleg frå sjøen/andre sida av fjorden. Ved førre søknad vart verdien som landskapselement nedprioritert til fordel for samfunnsnyttan av kraftverksutbygginga – lågare vassføring på grunn av kraftverksutbygginga vil ta noko av flaumtoppane, og redusere faren for nedfall av stein oa. litt ved fossen. Når fylkesvegen vert lagt i tunell på strekninga, vil argumentet med auka trafikktryggleik falle vekk.

Naturmangfald

Det er registrert fire naturtypelokalitetar – to område med naturbeitemark og to område med fosseeng. Begge naturtypene er raudlista som sårbar (VU). Alle lokalitetane har stor verdi. I tillegg er elvevannmassar ein naturtype raudlista som nær truga (NT), her vurdert til middels verdi. Med unntak av nokre registreringar av raudlista fuglearter, er det vurdert at området er leveområde for stort sett vanlege artar. Det kan likevel vere potensiale for å finne sjeldne eller raudlista mosar og lav knytt til område kring foss. Hestvikevatnet er fisketomt. Konsekvensen for naturmiljø er samla vurdert til middels negativ. Som avbøtande tiltak er det føreslått slepp av minstevassføring i elva for å sikre at elva og fossen ikkje tørkar ut, og at overføring av vatn frå avrenning frå Blåfonna bør skade naturtypen fosse-eng minst mogleg.

INON-område

Utbygginga vil føre til bortfall av noko INON-område (inngrepsfrie naturområde). Så langt ein veit, vil ikkje utbygginga vere i konflikt med kulturminne. Området er brukt til beite og noko jakt. Det er eit fint naturområde med stor inntrykksstyrke, særleg kring Hestvikevatnet, men ligg slik til at det er lite brukt til friluftsliv.

Økonomiske fordelar

Grunneigarar/fallrettshavarar vil få ei tilleggsinntekt frå kraftverket, som vil bidra til å oppretthalde busetnad og aktivitet. Bygginga av kraftverket vil òg føre til auka sysselsetting og omsetnad. Dersom desse partane er lokale, kan det føre til ei viss auke i kommunen sine skatteinntekter. Kommunen vil få inntekt frå eigedomsskatt på kraftverket. Hundsåna kraftverk ligg i både Askvoll og Førde kommunar, og det er eigne reglar for korleis skatten skal fordelast på kommunane. Kommunen får ikkje konsesjonskraft eller konsesjonsavgift frå småkraftverka.

Konklusjon

Administrasjonen meiner at utbygginga vil føre til få og relativt små negative konsekvensar, og at samfunnsnytta vil vere større enn ulempene ved tiltaket. Administrasjonen meiner difor at ein bør gje løyve til Hundsåna kraftverk. Det må likevel avklarast i forkant at boretunellen ikkje kjem i konflikt med den planlagte vegtunellen på fv.609, dersom vegtraséen vert justert. Det bør òg avklarast om det er praktisk mogleg å plassere boretunnelmassane på deponiområde i Hestvika. Tiltak kring kraftstasjonen og tilhøvet til skred må avklarast.

Konsesjonær sine kommentarar til Askvoll kommune sin uttale

Merknaden er teke til etterretning og Hywer takkar for ein god og heilskapleg vurdering av anlegget og ei positiv tilråding. Askvoll kommune har i si vurdering kommentert på ulike tilhøve ved utbygginga som er kommentert tematisk under.

Tilråding

Vi vil opprette dialog med Vestland fylkeskommune for å avklare konfliktpotensiale mellom kraftutbygginga og den planlagde vegtunnelen, og halde dialog for å koordinere prosjektet med vegbygginga.

Tilhøve til arealplan

Vi vil søkje om dispensasjon frå arealplanen for tiltak i høve kraftutbygginga.

Deponi

Vi vil i dialogen med Vestland fylkeskommune avklare denne moglege arealkonflikta. Areal for deponi vil nøye vurderast, utgreiast og visast i detaljplan for landskap og miljø.

Grunntilhøve og skredfare

Eventuelle grunnundersøkingar og vurdering av skredfare/sikringstiltak er svært ressurskrevjande og vil fyrst bli utført i detaljplanlegginga av kraftutbygginga.

Konsekvensklassar

Dette vil på ny vurderast og deretter søkast om ved tidleg fase i detaljplanlegginga ved eit positivt vedtak. På dette tidspunktet reknar ein med at tidsløpet for både kraftutbygginga og vegutbygginga er meir fastsett, og ut i frå dette vil ein fastsette kva situasjon som skal leggjast til grunn i vurderinga.

Konsekvensar for landskap

Kva tiltak og inngrep som blir ved kraftstasjonen er avhengig av resultat frå eventuelle grunnundersøkingar og skredfarevurderingar som fyrst blir utført etter konsesjon er gjeve.

Hundsånafossen som landskapselement kan opplevast frå motliggande terreng og i frå fjorden. Frå desse områda vil fossen likevel vere eit langt mindre framtrедande landskapselement enn den pregande fjellryggen på 1200-1300moh med toppane Blægja og Heilevangsstaurane med den underliggjande breen Blåfonna og fossane ned mot Hestvikevatnet.

Konklusjon

Dessa tilhøva vil vi avklare med Vestland fylkeskommune.

Sunnfjord kommune

Vedtak

Sunnfjord kommune vil tilrå at Hywer AS får konsesjon for bygging av Hundsåna kraftverk. Føresetnad er då at vassveg og kraftstasjon ikkje kjem i konflikt med ny fylkesveg/tunell. Det er avgjerande at løysinga/endeleg avklaring om vegtunnelen er på plass før eventuell konsesjon opnar for at vassvegen kan prosjekterast og byggjast. NVE må vektlegge fylkeskommunen sine merknader om vegtunell og vassveg. Kommunedirektøren ser at det er konfliktfylte tilhøve med ei utbygging, knytt til allmenne interesser kring naturmangfald og landskapselement

- Utbygging vil ha innverknad på fire naturtypar med stor verdi
- Fossen som landskapselement vert påverka

Om NVE finn at det skal gjevast konsesjon, bør NVE gjere ei grundig vurdering av om det er grunnlag for å auke minstevassføring ytterlegare, spesielt i sommarhalvåret. Minstevassføring er vesentleg for fossengene i fossesprøytsone og for fossefallet mot fjorden som landskapselement. Kommunen syner til dei merknader som går fram av kommunedirektøren si saksutgreiing/vurdering og legg til grunn at NVE tek dette med seg i si handsaming av konsesjon. Askvoll kommune sine merknader, må også leggjast vekt på. Om NVE finn å gi konsesjon, så skal det lagast ein detaljplan for utbygginga. Ein eventuell slik detaljplan skal Sunnfjord kommune ha til uttale, før han blir godkjent.

Vurdering

Inntaksområdet og elva ned til Fossen i Hundsåna ligg i Askvoll kommune. Fossen er delt mellom Sunnfjord kommune og Askvoll kommune. Fallrettane er delt mellom grunneigarar i begge kommunane (4 stk). Søkjar har inngått avtale med grunneigarane om leige av fallrettar.

Som omtalt i søknad var Hundsåna eit av 6 prosjekt som fikk konsesjon i småkraftpakke Askvoll, Førde og Naustdal attende i 2016. Både Askvoll og Førde kommunar var då positive til at Hundsåna skulle få konsesjon.

Førde kommune til liks med fleire av dei andre høyringspartane, la då mellom anna vekt på fossen som landskapselement, samstundes som det blei peika på at eit kraftverk ville kunne bidra til tryggare ferdsel på fv 609 (ta toppen av flaumvassføringa).

Kommunedirektøren ser behov for å gå inn på nokre forhold som har endra seg noko sidan 2016. Det gjeld planlagt vassveg/stasjonsområde, naturmangfald og brukarinteresser.

Vassveg/stasjonsområde

Som omtalt i søknaden, så er lineføring for bora vassveg noko endra og kjem ned til vegen/kraftstasjonen lenger aust enn det tidlegare konsesjon la opp til. Det er no planlagt kraftstasjon i dagen. Figur 12 over (og på side 23 i søknad) syner vassveg og dagens reguleringsplan for vegtunell. Søkjar skriv følgjande:

"I forbindelse med utarbeidelse av konsesjonssøknad er oppdaterte planer for veitunnelen innhentet fra Vestland fylkeskommune. Figur 12 viser kryss mellom det planlagte borehullet og veitunnelen i plan, mens Figur 13 viser lengdeprofil. Den planlagte borehulltraseen vil ikke være nærmere enn cirka 74 meter fra veitunnelen. Vestland fylkeskommune opplyser om at de det ikke tillates tiltak i 30 meter radius rundt tunnelprofilen. Vannveitraseen vil holde seg godt utenfor denne sonen."

Det er slik at denne føringa av vegtunellen står i ei usikker fase (grunnforhold). Kommunedirektøren veit ikkje kva utfallet her blir. Om ein ikkje finn å kunne gå vidare med dagens plan, så kan det ende ut med at vegtunellen må prosjekterast/regularast på ny med ei endra lineføring. Vegtunell og bora vassveg kan potensielt kome i konflikt. I kva grad er usikkert. likeins om det kan ha innverknad på plassering av kraftstasjonen. Planlagt stasjonsområde ligg i aktsemdsområde for kvikkleireskred og aktsemdsone snøskred og steinsprang.

Kommunedirektøren meiner at sikker veg har svært stor samfunnsinteresse og må gå føre ei eventuell kraftbygging. Endeleg avklaring om vegtunellen må på plass før vassvegen eventuelt kan prosjekterast og byggjast. Truleg vil det beste vere at NVE avventar handsaming av konsesjon til vegtunnelen er avklart. Kommunedirektøren legg vidare til grunn at Vestland Fylkeskommune vil

nok uttale seg om dette. Kommunedirektøren ber NVE vektlegge fylkeskommunen sine merknader om vegtunell og vassveg.

Naturmangfald

Det var utarbeida ei grundig rapport til konsesjonssaka i 2014. Det er ut frå nye krav til metodikk utført ei ny kartlegging og rapport i 2022. Innhaldet i rapportane er mykje likt men metodikk/instruks for kartlegging og verdsetting er endra.

Som det kjem fram av søknad og rapport, så er det påvist og kartfesta 4 naturtypar med storverdi. To naturbeitemarker og to fosse-eng/fossesprøytoner. Innverknaden på naturtypane er knytt til redusert vassføring og arealbeslag ved kraftstasjon og inntak. Samla konsekvens er vurdert til middels negativ.

Naturbeitemarka som er registrert der kraftstasjon er planlagt er sett til storverdi. I rapporten (2022) er tilstanden grunna brakklegging vurdert som dårleg og naturmagfaldet er vurdert som moderat. Det kjem også fram at naturbeitemarka strekkjer seg utover kartleggingsområdet. Arealet med naturbeitemark er truleg større enn registrert lokalitet. Naturbeitemark er ein raudlista naturtype (sårbar). Sårbare naturtypar med låg kvalitet får uansett stor verdi.

Kommunedirektøren støttar tilrådingane til avbøtande tiltak som er presentert slik i rapporten frå 2022:

“Behovet for å opprettholde en minstevannføring i forbindelse med Hundsåna kraftverk er primært knyttet til naturtypene elvevannmasser og fosse-eng og -berg. Fossefallet nederst mot Førdefjorden kan også nevnes som et attraktivt landskapselement som går tapt uten tilstrekkelig vanntilføring. For vanlige arter i området er det positivt å opprettholde minstevannføring. Det ansees sannsynlig at foreslått minstevannføring på 100 l/s i perioden 1.5-30.9 30 l/s resten av året i noen grad vil avbøte de negative virkningene av tiltaket. For fosse-engen ved Førdefjorden regnes det med at minstevannføringen vil i noen grad sikre det fuktige miljøet, men det forventes at store deler av naturtypen går tapt.”

“Inntaket i forbindelse med overføring fra bekkeløpene fra Blåfonna mot Hestvikvatnet bør trekkes så langt bort fra fossesprøytonen under bratthenget i sør som mulig, slik at denne registrerte naturtypelokaliteten berøres så lite som mulig. I størst mulig grad bør store skjæringer og fyllinger unngås.”

Om NVE finn at det skal gjevast konsesjon, ber kommunedirektøren NVE gjere ei grundig vurdering av om minstevassføring, spesielt i sommarhalvåret kan aukast ytterligare. Det må stillast strenge krav til utføring og arbeidet med overføringa frå bekkelaupa frå Blåfonna. Askvoll kommune sine merknader må vektleggast.

Brukarinteresser

Søklar si merksemd på brukarinteresser er i hovudsak retta mot friluftsliv. Området har litt bruk og vurderingane er at tiltak ved inntaksområdet ved Hestvikvatnet vert synlege og kan ha noko negativ innverknad på opplevinga av naturområdet for dei som ferdast der. Ut frå kjennskapen kommunedirektøren har til området, så er bruken knytt til friluftsliv avgrensa. Det førekjem brukarar som nyttar området (mot Blåfonna) til klatring. Dette er ikkje dei mest nytta rutene. Tiltaksområdet ved Hestvikvatnet er ikkje synleg frå Blægja (Svært viktig friluftsområde).

Fossar er viktige landskapselement, og fossen i Hundsåna ved fv 609 vil klart opplevast som endra ved ei utbygging. Fossen er godt synleg frå fjorden og frå motsett sida av fjorden. Det er søkt om ei minstevassføring på 100 l/s. Dette er det same som NVE stilte vilkår om i førre konsesjonshandsaming.

Fjordkysten Regional og Geopark omfattar dei delane av tiltaksområdet som ligg i Askvoll kommune. Det er søkt om Unesco status på parken. Kommunedirektøren finn det rett at Askvoll kommune sine eventuelle vurderingar skal leggest til grunn om denne brukarinteressa.

Samandrag/konklusjon

Det er viktig at utbygging av småkraftverk ivaretek grunneigarar/ fallrettseigarar sine interesser på ein god måte gjennom avtaler som er inngått. Det må gjerast ei heilskapleg vurdering av om fordelane ved utbygginga er større enn ulempene for lokalsamfunnet, ålmenta og andre samfunnsinteresser.

Det er avgjerande at løysinga/endeleg avklaring om vegtunellen er på plass før eventuell konsesjon opnar for at vassvegen kan prosjekterast og byggjast. NVE må vektlegge fylkeskommunen sine merknader om vegtunell og vassveg. Kommunedirektøren ser at det er konfliktfylte tilhøve med ei utbygging, knytt til almenne interesser kring naturmangfald og landskapselement

- Utbygging vil ha innverknad på fire naturtypar med stor verdi
- Fossen som landskapselement vert påverka

Kommunedirektøren ser fordelane med auka produksjonen av rein energi. Utbygging av omlag same løysing fikk konsesjon i 2016 (frist for bygging gikk ut i 2021). Både Askvoll og då Førde kommunar var positive til konsesjon. Metodikk og endringar i raudlista gjer til at det i dag registrert raudlista naturtypar med stor verdi. Fossesprøytsonen med eng var også tema i rapport frå 2014.

Kommunedirektøren merkar seg at forsalg til avbøtande tiltak knytt til minstevassføring og overføring av bekk frå Blåfonna er like i begge rapportar. Naturbeitemarka der kraftstasjonen er tenkt eteblert har stor verdi, men låg kvalitet. Det er ikkje påvist raudlista artar knytt til naturtypane. Artsrikdom er generelt omtalt som "vanleg". Kommunedirektøren finn at arealbeslaget i liten grad vil påverke mulegheitene for å ta vare på naturtypen beitemark. Då lokalitetet er rekna for å vere relativt mykje større enn det som er kartlagt i samband med prosjektet.

Om NVE finn at det skal gjevast konsesjon, bør NVE gjere ei grundig vurdering av om det er grunnlag for å auke minstevassføring ytterlegare, spesielt i sommarhalvåret. Minstevassføring er vesentleg for fossengene i fossesprøytsonene og for fossefallet mot fjorden som landskapselement. Askvoll kommune sine merknader, må leggest vekt på.

Etter ei samla vurdering finn kommunedirektøren at samfunnsnyttan med ei utbygging her vil vere større enn dei negative konsekvensane og vil tilrå at Hywer AS får konsesjon for bygging av Hundsåna kraftverk. Føresetnad er då at vassveg og kraftstasjon ikkje kjem i konflikt med ny fylkesveg/tunell.

Konsesjonær sine kommentarar til Sunnfjord kommune sin uttale

Merknaden er teke til etterretning.

Vedtak

Hywer takkar for ein god og heilskapleg vurdering av anlegget og ei positiv tilråding. Vi vil opprette dialog med Vestland fylkeskommune for å avklare konfliktpotensiale mellom kraftutbygginga og den planlagde vegtunnelen og halde dialog for å koordinere prosjektet til vegbygginga.

Vassveg/stasjonsområde

Eventuelle grunnundersøkingar og vurdering av skredfare/sikringstiltak vil utførast i detaljplanlegginga av kraftutbygginga.

Brukarinteresser

Sjå kommentar til Askvoll kommune sin uttale, ved undertittel konsekvensar for landskap.

Statsforvaltaren i Vestland

Statsforvaltaren rår frå konsesjonssøknaden for Hundsåna kraftverk. Eit høgt vassuttak vil redusere ein viktig foss i fjordlandskapet, og ei utbygging vil òg få konsekvensar for viktig naturmiljø.

Vår vurdering

Det er planlagt eit høgt vassuttak, på meir enn tre gonger middelvassføringa. Dette er mykje samanlikna med vassutnyttinga for småkraftverk som har fått konsesjon dei seinare åra. Elva vil gå med stabil minstevassføring det meste av året etter ei eventuell utbygging, og vil miste det meste av den naturlege dynamikken, som er viktig for naturmiljø i og ved elva og for landskapsopplevinga av fossar og elveløp.

Miljørapporten er basert på kartlegging etter Miljødirektoratets instruks, med feltinnsamling i juni 2022. Dette er eigna til å kunne vurdere både karplanteflora, mosar, sopp og lav. Det er påvist fleire viktige naturtypar, men ikkje nemnt spesielle artsfunn i rapporten. Kartlegginga er ikkje utført av spesialist på mosar og lav, og det er påpeika at det kan vere potensial for funn av sjeldne eller raudlista kryptogamar tilknytt område ved fossar.

Ei utbygging vil påverke fire naturtypelokalitetar med stor verdi, med påverknadsgrad forringa/sterkt forringa for tre av desse. Fossesprøytsone ved Førdefjorden er gitt konsekvensgrad «alvorleg miljøskade» i miljørapporten, og naturtypen vil forsvinne på sikt. Det er venta at arealbeslaget ved bygginga av kraftstasjon på Heilvangslettene, og redusert vassføring i Hundsåna, vil gje betydeleg miljøskade.

Rennande vatn inngår i naturtypen elvevassmassar i raudlista for naturtypar frå 2018, og er sett i raudlistekategorien nær truga (NT). I Artsdatabanken er det påpeika at særleg bekkar i låglandet er utsette for påverknad. Resterande bekkeløp har dermed fått auka verdi, for mellom anna insekt og vasstilknytte fugleartar som fossefall, vintererle og strandsnipe.

Konsekvensutgreiinga omfattar ikkje kartlegging av fugl ved Hundsåna, men vi legg til grunn at elvestrekninga kan ha verdi for desse artane. Det er fossefall som i så fall kan bli hardest påverka av ei utbygging. Konsekvensane kan avbøtast ved å plassere ut hekkedassar på gunstige stader, mellom anna i utløpskanalen frå ein eventuell kraftstasjon.

Fossen i det nedste fallet mot fjorden er godt synleg frå fjorden og frå motsett landside, spesielt frå Hellenes og Fossheim. Denne er registrert som eit viktig landskapselement i Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging, vedteken av Fylkestinget i Sogn og Fjordane 11.12.2012. Redusert vassføring etter ei eventuell utbygging vil redusere fossen som eit viktig element i fjordlandskapet. Ut frå foto 10 – 13 i konsesjonssøknaden som viser fossen med respektive 0,9 og 0,11 m³/s, ser det ikkje ut til at den føreslegne minstevassføringa vil vere tilstrekkeleg til å gi særleg liv i fossen.

I miljørapporten er beiteområdet ved Heilevangslettene vurdert til å ha middels verdi, medan influensområdet elles er vurdert å ha ubetydeleg verdi for jordbruk. Vi legg til grunn at inngrepa i

landbruksareal blir inngrepa blir avgrensa så langt som råd ved ei eventuell utbygging, og at mellombelse anleggsareal blir sett i stand att i tråd med moderne praksis.

Ved ei eventuell utbygging må det avklarast med oss om tunneldrifta krev løyve etter forureiningslova. Vi minner elles om at stein- og jordmassar skal handterast i tråd med regelverket slik det går fram av Miljødirektoratets rettleiar M- 1243. Eventuelt betongavfall må handterast i tråd med kap. 14 A i avfallsforskrifta.

Vi legg til grunn at tekniske installasjonar blir plasserte slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdiar.

Konklusjon

Hundsåna kraftverk er planlagt med eit uvanleg høgt vassuttak, elva vil miste det meste av den naturlege dynamikken gjennom året. Dette vil få negative konsekvensar for ein godt synleg foss i fjordlandskapet, og for viktig naturmangfald. Vi rår difor frå denne utbygginga slik søknaden ligg føre.

Konsesjonær sine kommentarar til Statsforvaltaren i Vestland sin uttale

Merknaden er teke til etterretning.

Vår vurdering

Hundsånafossen som landskapselement kan opplevast frå motliggande terreng og i frå fjorden. Frå desse områda vil fossen likevel vere eit langt mindre framtrедande landskapselement enn den pregande fjellryggen på 1200-1300moh med toppane Blægja og Heilevangsstaurane med den underliggjande breen Blåfonna og fossane ned mot Hestvikevatnet.

Tiltak for å ytterlegare redusere skade på naturtypar vurderast og utgreiast i detaljplanfasen.

Eventuelle grunnundersøkingar og vurdering av skredfare/sikringstiltak vil utførast i detaljplanlegginga av kraftutbygginga.

Vestland fylkeskommune

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune er positive til bygginga av Hundsåna kraftverk så lenge utbygginga ikkje er til hinder for fylkeskommunen sitt prosjekt for etablering av Heilevangtunellen.
2. Etablering av kraftanlegget må ikkje vere til hinder for fylkeskommunen sitt prosjekt for etablering av Heilevangtunellen. Eventuelle meirkostnadar som kjem som følgje av ekstra planlegging for vårt prosjekt, må dekkjast av Hywer. Vidare skal etablering av kraftanlegget ikkje hindre eller senke framdrifta for Heilevang-prosjektet.
3. Hywer må gå i dialog med prosjektgruppa for Heilevangtunellen vedrørande bruk av deponiområde og eventuelt inngå ein avtale. Her må det òg ligge føre ein framdriftsplan for Hywer sitt prosjekt, og informasjon om korleis Hywer tenkjer å løyse utfordringane under anleggsfasen og drift av anlegget etter at fylkesvegen er sanert.

4. Utover dette må også søkjast om løyve for kryssing av veg med røyr, etablering av avkøyrsløp og dispensasjon frå byggegrense. Desse søknaden vert handsama av vegforvaltningseininga i fylkeskommunen, og ikkje av prosjektgruppa.
5. Oppdatert data for vassførekomsten Hundsåna ligg i databasen Vann-nett, og tiltaket må vurderast etter vassforskrifta. Det er viktig med tilstrekkeleg minstevassføring for å sikre gode leveområde for ferskvassorganismar.

Vurderingar og verknader

Fornybar energi

Hovudmålet i Regional plan for fornybar energi 2023-2035 (fornybarplanen) er at vi har energioverskot frå fornybare energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping. I tillegg til dette har vi vedteke ein ambisjon om at Småkraftverk og er realisert og bidratt til auka vasskraftproduksjon i planperioden.

Fyrste retningslinje i fornybarplanen er at «Vestland er positive til bygging av ny fornybar energi der omsyn til miljø og andre arealinteresser er ivareteke.» I denne saka har fylkeskommunen arealinteresser knytt til prosjekt for etablering av Heilevangtunellen.

Næring

Fordelane ved tiltaket er først og fremst av økonomisk karakter for utbyggjar og eigarar og knytt til energiproduksjonen på om lag 9,4 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt og regionalt næringsgrunnlag og skatteinntekter.

I tillegg bidreg meir rein energiproduksjon ut på kraftnettet i Vestland til lågare kraftprisar.

Klima

Auka produksjon frå fornybare energikjelder bidreg til kutta klimagassutslepp i Vestland og Noreg.

Klimatilpassing og flaum

Relativt stor slukeevne i kraftverket gjer at ein tek bort store deler av flaumtoppane i Hundsåna. Dette er spesielt viktig for vegen langs fjorden.

Kulturminne og kulturmiljø

Ut frå våre arkiv kan vi ikkje sjå at det omsøkte tiltaket vil koma i konflikt med automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne. Potensial for funn vert vurdert som lågt.

Dersom det kjem fram eventuelle funn ved vidare planlegging og/eller gjennomføring av tiltaket har grunneigar/tiltakshavar plikt til straks å gje Vestland fylkeskommune melding, og alt arbeid stansast inntil rette forvaltingsmynde har vurdert/nærare dokumentert funnet, jf. Lov om kulturminne § 8, 2.ledd.

Fysisk aktivitet og inkludering

Retningsline 18 i fornybarplanen seiar at ein ved inngrep i eksponerte fossar og elvestrekningar skal stilla krav til minstevassføring som opprettheld landskapskarakteren og opplevingsverdien.

Vassmiljø og fisk

Hundsåna er bratt ned mot sjøen, så det går ikkje anadrom fisk opp i elva. I søknaden er det opplyst om at Hestvikvatnet og Hundsåna står fram som fisketomt, men at det er sett ut fisk ved fleire høve, sist i 2016. Vi kjenner ikkje til om det er innlandsfisk i vassdraget i dag, men om

utsettingane i 2016 var vellukka bør det vere fisk att frå utsettingane. Vassdraget har uansett verdi for andre ferskvassorganismar, slik at det er viktig med ei tilstrekkeleg minstevassføring for å sikre gode leveområde.

I konsesjonssøknaden kap. 2.6.7 står det at vassdraget ikkje er omtalt i gjeldande regional vassforvaltningsplan for Vestland for planperioden 2016-2021. Vi gjer merksame på at oppdatert data for enkeltvassdrag (vassførekomst) ligg i databasen Vann-nett. Hundsåna er ein eigen vassførekomst, 084-294-R Hundsåna, som er vurdert å ha god tilstand. Ved utbygging må det vurderast om denne tilstanden vert dårlegare, og om det i så fall er grunnlag for å gje unntak etter § 12 i vassforskrifta. Retningslinje 36 i fornybarplanen seier at Miljømål i vassdrag, fastset i regional plan for vassforvalting, må ligge til grunn i vasskraftprosjekt i Vestland.

Infrastruktur og veg

Vestland fylkeskommune v/ Avdeling for infrastruktur og veg skal byggje ny tunnel på 2450 meter med ein profil på ni meter mellom Heilevang og Hestvika i høvesvis Sunnfjord og Askvoll kommune. Prosjektet er regulert i reguleringsplanen «Detaljregulering for Fv 609 Heilevang», planid. 2020001, og trådte i kraft den 24.05.2022.

Ifølgje konsesjonssøknaden til Hywer er det planlagt å etablere eit kraftanlegg ved og over Heilevangtunellen. Anlegget består mellom anna av kraftstasjon som skal etablerast ved dagens fylkesveg, der det skal gå røyr frå stasjonen på kotehøgde 3 og opp til vassinntaket på kotehøgde 282. Røyrret er 900 mm i diameter, ført gjennom i eit borehol på 1200 mm i diameter, og er 520 m langt. Avstand frå toppen av Heilevang-tunnelen og opp til røyrret er planlagt til å vere 74,4 m.

I konsesjonssøknaden er det lite informasjon om plan for framdrift og gjennomføring ved etablering av anlegget, samt plan for drift av anlegget. Ettersom Vestland fylkeskommune skal til med eit større utbyggingsprosjekt som går over fleire år, ønsker vi at vårt prosjekt ikkje vert hindra eller vert påført unødige ulemper som følgje av etablering av kraftanlegget. Med dette som bakteppe er det fleire forhold som må takast omsyn til.

Sanering og omklassifisering av fv. 609

Alle installasjonar som bru, rassikringstiltak, rekkverk og asfalt vert fjerna frå den gamle vegen. Det vil heller ikkje lengre vere drift og vedlikehald, så eventuell ras og flaum vert ikkje utbetra. Strekninga kan dermed ikkje nyttast som omkøyrings- og avlastningsveg ved til dømes arbeid i tunnel eller ved ulykker eller anna føremål. Vi stiller spørsmål om prosjektet for kraftanlegget har teke inn over seg om dei har framkomme til kraftstasjonen for å utføre drift og vedlikehald av anlegget. Konsesjonssøknad nemnar at vegen blir tilbakeført slik at privat grunneigarar får tilkomst til sine eigedommar, men her må vi presisere at dette gjeld i hovudsak innafor det regulerte området, nær tunnelmunningane. Vegstrekningen i mellom vil ikkje lenger ha framkomme etter fylkeskommune har gjennomført saneringa.

Anleggsarbeidet

Etablering av kraftanlegget må ikkje kome i konflikt med arbeidet ved etablering av Heilevangtunellen eller sanering av gamlevegen. Fylkesvegen må stengjast under sprengingsarbeidet ved kraftstasjonen, og det kan komme til å vere eit hinder når fylkeskommunen er i full gang med tunnelarbeidet, særleg med tanke på anleggstrafikken mellom Heilevang og Hestvika. Det går ikkje tydeleg fram av konsesjonssøknaden kor stort sprengingsarbeidet er, om kor lang tid det tar og kor mange stengingar av fylkesvegen ein ser føre seg. Dette er informasjon

som må være avklart før ein søker om dispensasjon frå byggegrense og/eller eventuelle avtalar som vert inngått mellom desse to prosjekta.

Deponi

Det er estimert eit masseoverskot på 1000 m³ frå tunnelboring og etablering av anleggsplass/tunellpåhogg. Ifølgje søknaden skal overskotsmasser, som ikkje vert nytta til å dekke behova i prosjektet, bli plassert i eit permanent deponi i Hestvika. Søknaden viser til område i Hestvika for massedeponi som skal nyttast av Vestland fylkeskommune i samband med bygging av Heilevangtunnelen, der det er tillate å deponere opp til 170 000 m³.

Det står i konsesjonssøknaden at dette skal koordinerast med fylkeskommune sitt prosjekt for Heilevangtunnelen. Det er viktig at tiltakshavar opprettar dialog med Heilevang-prosjektet så tidleg som mogleg for å kunne koordinere arbeidet, slik at det ikkje vert til hinder eller kjem i konflikt med vårt prosjekt. Om det fører til ekstra planlegging for vårt prosjekt, må Hywer ta kostnadene dette medfører.

Borehol over den fylkeskommunale tunnelen

For Heilevangtunnelen er det regulert ein omsynssone på 30 meter over og til sidan, der det ikkje tillate med tiltak som kan skade Heilevangtunnelen som sprenging, pelearmering, holboring i og mot fjell, brønnboring eller fundamentering for påføring av tilleggslaster mot fjell, utan spesielt løyve frå tunneleigar, Vestland fylkeskommune, jf. føresegn 4.2. i reguleringsplanen.

Avstanden mellom boreholet til kraftanlegget og toppen av vegtunnelen er 74,4 meter, om ligg dermed utanfor omsynssona. Tiltaket krev dermed ingen løyve frå tunneleigar. Hywer er likevel ansvarleg for eventuell skader som skjer på vegtunnelen som følgje av etablering av borehol til vassrøyret.

Løyve etter veglova

Det er behov for mellombels areal på cirka 2 dekar i samband med etablering av stasjon og borerigg i det nedre prosjektområdet som vil ligge attmed fylkesvegen. Det permanente arealbehovet vil være cirka 0,5 dekar for avkøyrsl, kraftstasjon med utlaup, oppstillings- og parkeringsplassar. Sjølv kraftstasjon vil ha eit grunnareal på 80 m². Utløpet vil førast ut i Førdefjorden i ein kort, lukka utløpskanal eller nedgrave røyr, under fylkesvegen. Avkøyrsl, etablering av stasjon og kryssing av fylkesveg krev løyve etter veglova. Følgjande forhold må det søkjast om:

-Nærføring av kablar

Etter veglova § 32 og § 57 skal ingen føre kablar, leidningar eller anna utstyr over-, under-, langs- eller nærare offentleg veg enn 3 meter frå vegkant utan løyve. Søknad om løyve til slike tiltak over, under eller langs fylkesveg skal i kvart høve sendast til Vestland fylkeskommunen via vår søknadsportal.

-Byggegrense til veg

Byggegrense til veg gjeld for alle byggverk som til dømes transformatorstasjonar, massedeponi, riggområder, oppstillingsplassar, røyrgate, mv. Der det ikkje er regulert byggegrense mot fylkesveg i ein reguleringsplan, gjeld byggegrense fastsett i veglova § 29 som er på 50 meter frå senterline av veg. For tiltak innanfor byggegrensa må det søkjast om dispensasjon frå byggegrense hjå Vestland fylkeskommune. Søknadsskjema finn de i Statens vegvesen sin søknadsportal.

-Avkøyrslé

Der det er behov for ny vegtilkomst langs fylkesvegar som ikkje er vist i reguleringsplan, utvida bruk av eksisterande avkøyrslé eller mellombels avkøyrslé, må det sendast søknad til Vestland fylkeskommune. Avkøyrslé må utformast i samsvar med handbok N100 Veg- og gateutforming. Det må søkjast om både den midlertidige og permanente avkøyrsla, og søknad sendast via Statens vegvesen sin søknadsportal for avkøyrslé.

Oppsummering

Etablering av kraftanlegget må ikkje vere til hinder for fylkeskommune sitt prosjekt for etablering av Heilevangtunellen. Eventuelle meirkostnadar som kjem som følgje av ekstra planlegging for vårt prosjekt, må dekkjast av Hywer. Vidare skal etablering av kraftanlegget ikkje hindre eller senke framdrifta for Heilevang-prosjektet. Hywer må gå i dialog med prosjektgruppa for Heilevangtunellen vedrørande bruk av deponiområde og eventuelt inngå ein avtale. Her må det òg ligge føre ein framdriftsplan for Hywer sitt prosjekt, og informasjon om korleis Hywer tenkjer å løyse utfordringane under anleggsfasen og drift av anlegget etter at fylkesvegen er sanert. Utover dette må også søkjast om løyve for kryssing av veg med røyr, etablering av avkøyrslé og dispensasjon frå byggegrense. Desse søknaden vert handsama av vegforvaltningseininga i fylkeskommunen, og ikkje av prosjektgruppa.

Administrative/økonomiske konsekvensar

Tiltaket har størst potensiale for å påverke økonomien til fylkeskommunen direkte gjennom korleis det påverkar prosjektet vårt om å etablere Heilevangtunellen. Det er viktig med god dialog framover for å hindra auka kostnadar.

Konklusjon

Dette er eit prosjekt fylkeskommunen har vore positive til i vedtak tidlegare i gamle Sogn og Fjordane fylkeskommune. Då var eit av argumenta for utbygging flaumdempinga kraftverket ville gje for fylkesvegen. No skal fylkesvegen sanerast etter ferdigstilt ny tunnel. Behovet for flaumdemping er då ikkje like avgjerande som i førre runde. Likevel har forståinga for behovet for ny fornybar kraft auka mykje dei siste åra. Difor er fylkesdirektøren positiv til bygginga av Hundsåna kraftverk så lenge utbygginga ikkje er til hinder for fylkeskommunen sitt prosjekt for etablering av Heilevangtunellen.

Det er viktig at etableringa av kraftanlegget ikkje vert til hinder for fylkeskommunen sitt prosjekt for etablering av Heilevangtunellen. Eventuelle meirkostnadar som kjem som følgje av ekstra planlegging for vårt prosjekt, må dekkjast av Hywer. Vidare skal etablering av kraftanlegget ikkje hindre eller senke framdrifta for Heilevang-prosjektet.

Det er viktig at Hywer snarast går i dialog med prosjektgruppa for Heilevangtunellen vedrørande bruk av deponiområde og eventuelt inngå ein avtale. Her må det òg ligge føre ein framdriftsplan for Hywer sitt prosjekt, og informasjon om korleis Hywer tenkjer å løyse utfordringane under anleggsfasen og drift av anlegget etter at fylkesvegen er sanert.

M.o.t. vassmiljø må tiltaket vurderast etter vassforskrifta. Oppdatert data for vassførekomsten Hundsåna ligg i databasen Vann-nett. Det er viktig med tilstrekkeleg minstevassføring for å sikre gode leveområde for ferskvassorganismar.

Konsesjonær sine kommentarar til Vestland fylkeskommune sin uttale

Merknaden er teke til etterretning. Hywer takkar for ei positiv tilråding og ei grundig tilbakemelding. Vi vil opprette dialog med prosjektgruppa for vegprosjektet for å avklare konfliktpotensiale mellom kraftutbygginga og den planlagde vegtunnelen, avklare tilhøve som nemnt i denne uttalen og holde dialog for å koordinere prosjektet med vegbygginga.

Med venleg helsing

Nina Hjartholm
Prosjektutviklar
Hywer AS